

LATEBAKKEN

Høgdemeter over havet: 711 m.

Lengde: ca. 2,5 km.

Høgdemeter: 165

Tid frå Skaftedal: 45 minuttar – ein time

Gradering: Lett tur.

Vegskildring: Kjør riksveg 13 opp Skjervet, eller sving av etter Tunsberg tunellen. Kjør over bru ved Moe og følg kommunal veg oppover til Mjølkeskår. Ta til venstre her mot Skaftedal. Kjør over brua og parker langs vegen.

Stølsvegen startar ved traktor/bilveg på høgre sida 50 meter etter brua. Dette er ein privat veg. Gå denne vegen til endes. Herifrå er stien merka. Stien er godt synleg og rydda og følgjer dalen/elva innover.

Når du kjem inn på treet i Dalsetøyane, opnar dalen seg og du ser dei to stølshusa. Turkassa heng på ei bjørk nederst på træet.

Turtips 1. Frå Latebakken kan du gå til stølen Steindro. Stien er ikkje så tydeleg, men går i stigande terreng vidare innover dalen. Frå Steindro kan du gå tilbake Steindrovegen (godt synleg sti høgare oppe i sida på Byrsetegga) Når du kjem heimover går du ned til stølane Krakalie og Dalset. (Dette er to Fennastølar som du ser godt frå Latebakken). Frå Dalset går du ned att lia til du møter stølsvegen til Latebakken.

Turtips 2. Frå Steindro kan du gå vidare inn i Modalen og opp på Hondalsnuten. Det er tydeleg sti inn i Modalen. Småvardar herifrå.

Turtips 3. Gå over elva 200 meter innafor Latebakken og gå myrane opp til Skykkjeset. No kan du gå Skykkjesetstien tilbake til Skaftedal. (Du kan og gå vidare til Steinhytta og Hondalsnuten)

GOD TUR!